

Knuste Stord – no best i Sunnhordland

Laurdag møtte Kvinnherad sin største motstandar i andre divisjon. Sigeren over Stord smakte derfor ekstra godt.

Trass i at Birgitte Johansen og Janniche Haugland er ute med skade og fleire andre spelarar var borte i denne kampen leverte Kvinnherad eit formidabelt spel.

Kvinnherad hadde overtaket frå starten og scora dei tre første måla før Stord fekk summa seg. Dei heldt oppe eit solid forsvar og leverte sylskarpt angrep dei 20 første minuttane av omgangen, og keeper Mona Øvstebø hadde god kontroll på ballane Stord sendte hennar veg. Men dei ti siste minuttane rakna det litt for Kvinnherad og gjestene fekk gjennom fem mål før pause.

Det gode spelet frå Kvinnherad heldt fram i andre omgang, og dei låg føre med fem-seks mål nesten heile vegen. Men mot slutten fekk Jeanette Skatvold to minuttar utvisning og deretter Mariann Nymark Jensen, noko Stord utnytta til det fulle. Dei scora på fleire straffar og reduserte leiinga til Kvinnherad. Likevel var det ingen tvil om at heimelaget hadde venta lenge på dette oppgjeret og var tørste etter sigeren, og dei



kunne til slutt jubla over 26–22.

Trenar Arne Lindeflaten var hoppande glad etter kampen:

– Å slå Stord som har vore kongane på haugen i all tid når

det gjeld damehandball i Sunnhordland var fantastisk herleg. Dette trur eg må vera den sigeren eg set mest pris på av alle.

Camilla Hirth og Renate Brix

har vore borte frå handballbanen ei god stund og gjorde eit suverent comeback i denne kampen.

KAMPFAKTA

KHK–Stord 26–22 (14–11)

2. divisjon handball damer

Kvinnherad (mål i parentes): Linn Therese Skauge, Marthe Lie Børve (2), Jeanette Skatvold (2), Marianne Øvstebø (11), Camilla Hirth (2), Marita Saghaug, Renate Brix (2), Ina Solberg (5), Mona Øvstebø, Mariann Nymark Jensen (2). KHK-utvisingar: Jeanette Skatvold og Mariann Nymark Jensen

COMEBACK:

Renate Brix (t.v.) og Camilla Hirth gjorde eit suverent comeback i kampen mot Stord.

Mona Grønningen
mona@kvinnheringen.no

Volleygøy på Halsnøy

Laurdag vart det arrangert «Volleygøy» i nye hallen på Halsnøy skule, og initiativtakarane vonar det blir ein årleg tradisjon.

Arrangementet har lege brakk nokre år, men med ny flott hall ved Halsnøy skule vart Volleygøy igjen arrangert laurdag for folk frå 16 år og oppover. Dagen starta med felles oppvarming med treningsforma Zumba, før laga starta opp med innleiande kampar i to puljer. Til saman var seks lag påmelde; eitt lag frå Husnes, eitt lag frå Sunnhordland Folkehøgskule, mix-lag

med damer og herrar, og Halsnøy sine to J16-lag.

Til slutt kjempa dei beste laga i ein finale på stor bane, og laget som kalla seg «Takk for laget» stakk av med ein vandrepokal og flotte t-skjorter laga spesielt for arrangementet. «Ninjacats» frå Husnes kom på andreplass i turneringa, medan «Kvilepuls» kom på tredje. – Dette er eit veldig kjekt arrangement som mange har gledd seg til, derfor håpar vi no at det kan bli ein årleg tradisjon, fortel Liv Berge Engelsen i volleyballgruppa, som også er trenar for Halsnøy sine J16-lag.

Mona Grønningen
mona@kvinnheringen.no



VOLLEYGØY:

Arrangementet «Volleygøy» trekte mange til nye hallen ved Halsnøy skule laurdag. Til slutt stakk laget som kalla seg «Takk for laget» av med sigeren i turneringa.

Brannøving på Røsland

Eit hus brann ned på Røsland under ei kontrollert øving for branntroppen laurdag føremiddag.

Huset var eitt av dei eldste på Røsland og skulle i utgangspunktet rivast, men eigaren spurde branntroppen om dei ville brenna det. Føremålet med den kontrollerte nedbrenninga var at branntroppen skulle få øva seg på å slökka brann i bustadfelt med andre hus tett på. Branntroppen på Husnes sette fyr inne i huset og røykdykkarar tok seg deretter inn. Ved hjelp av brannpumper la brannfolka ein skjerm av sprutande vatn mellom det

brennande huset og nabohuset, slik at vatnet dempa strålingsvarmen. Dei spruta også vatn på husa rundt for å unngå at dei blei for varme. Huset brann ned til grunnen i løpet av ein time, men det var varme i grunnen i fleire timar etterpå.

– Ei nyttig øving for oss, og alt har gått greitt føre seg, opplyste brannsjef Grete Nesheim.

Mange nyfikne folk hadde samla seg for å sjå på brannen og øvinga.

Ivar Vaage
ivar@kvinnheringen.no

Sjur Tjelmeland
sjur@kvinnheringen.no



Slått ned

HUSNES: Rundt klokka tre natt til søndag måtte politi og ambulanse rykkja ut etter at to personar skal ha blitt slått ned på Husnes. Dei to personane vart sendt til Stord sjukehus. Det er så langt ikkje pågrripe nokon i saka, melder Hordaland politidistrikt.